



Humlepungane samla til innsats i basen på Dønhaug (Foto: Ola Matti Mathisen)

I helga er Humlepungen Bryggjarlag på studietur til København

Forutan faste medlemmer er to observatørar med på turen.

I programmet er det lagt inn besøk på to mikrobryggeri i sentrum av byen med ei fagleg innføring i det å driva eit mindre bryggeri med utsal.

Dei største bryggeria i Danmark, Carlsberg og Tuborg, er slegne saman og ligg i Hellerup. Bryggeprosessen er svært automatisert i lukka anlegg og er faktisk ikkje så interessant for eit lokalt bryggjarlag.

Det vert elles avsett tid til sykkeltur, kanaltur, tur til bydelen Kristiania og blueskonsert i Tivoli. Nokre vil ta turen Tycho Brahe Planetarium, slotts- og museumsbesøk og gudsteneste i ei av dei sentrale kyrkjene i København.

Humlepungen Bryggjarlag har før vore på studietur til London, Dublin, Praha og Edinburgh.

Tekst: Kristian Olav Bringedal